



© Eirik Sverdrup

Vokalensemblet GLIMRAH med Lene Bernhardsen Taranger, Maria Malmsten, Lina Frimannslund Storegjerde, Gjertrus Sydnes, Ingvild Toskedal, Hallgjerd Hegland og Renate Koløy

**Sundag 11. september vert det konsert og utstilling på Bygdetunet Rød. Vokalensemblet GLIMRAH og kunstnaren Elin Flindt vil fylla stovene med folketonar og måleri med motiv henta frå natur og kystmiljø på Vestlandet. Maria Malmsten er musikalsk leiar for kvinnegruppa GLIMRAH.**

GLIMRAH vart starta november 2015. Gruppa syng eit variert capella repetoar, - folketonar, rensesansemusikk, romantisk musikk og viser. Musikalsk leiar, Maria Malmsten, fortel at ho gler seg til å koma til Rød med ein konsert som vil passa godt i ei tradisjonsrik røykstove.

Elin Flindt frå Bergen/Løfallstrand stiller ut 18 innramma måleri. Mange av motiv er lokale og teknikken er akvarellmåling. I tillegg har ho mange uinnramma motiv i mapper. Alt er for sal og det er høve å tinga bilete. Nokre av motiv vart alt selde på museumsdagen. Nye motiv vert gjort klar til søndag 11. september.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Eirik Sverdrup